

Helse- og omsorgsdepartementet

Postboks 8011 DEP
0030 OSLO

Dykkar ref: Vår ref: Sakshandsamar/e-post:
07/00119-11 Vivi A. Nielsen
vivi.a.nielsen@fyresdal.kommune.no

Arkivkode: Dato:
12.06.2007

Svar vedk. forslag til utviding av pasientombudsordninga - Høyring

Helse- og omsorgsdepartementet har sendt ut forslag om utviding av pasientombudsordninga til høring.

Eldrerådet i Fyresdal har drøfta forslaget og er samde i at det vil vere positivt at ordninga vert utvida til å omfatte kommunale helse- og sosialtenestar.

Det vil styrke rettighetene til menneske som ikkje er i stand til å fremme sine egne omsorgsbehov når ein opplever at det kommunale tenestetilbodet ikkje er tilfredsstillande.

Eldrerådet råder til at namnet på ombodet blir : Pasient- og brukarombod.

Det kan vere vanskeleg å finne fram i tenestetilbodet, difor er det positivt at ombodet kan gje informasjon, råd og rettleiing om rettigheter og tenester.


Det er viktig å få til ei samordning av tenestene til beste for pasienten – for mange er det svært viktig å sleppe å oppsøke ulike instansar for å få hjelp.

Eldrerådet er derfor opptatt av at det skal vere enkelt å vende seg til ombodet. Ordninga må gjerast godt kjent og vere lett tilgjengeleg.

Utviding av pasientombudsordninga vil ivareta pasientanes rettigheter mot helsevesenet og betre rettstryggleiken. Ordninga kan vere eit virkemiddel til å ivareta og auke kvaliteten i helsetenesta.

Eldrerådet meiner at pasient- og brukarombodets område bør utvidast helt frå starten til også å gjelde for økonomiske ytingar.

Med helsing

for 
Gunther Schlenzig

Leiar av eldrerådet og råd for funksjonshemma